

Notat

Dato: 15.05.2019
Arkivsak: 2019/11597-1
Saksbehandlar: benutne

Til:	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Nye vegnummer og vegskilt – orientering

Bakgrunn

Statens vegvesen skriv i e-post til fylkeskommunen 14.05.19:

Vegnummerendringane har vorte diskutert i Kontaktutvalet mellom fylkesrådmannskollegiet og Vegdirektøren sidan 2017.

Regionreforma legg til grunn at Statens vegvesen skal forvalte vegdata for fylkesvegar også etter 2020 (Nasjonal vegdatabank NVDB). Rammene for oppgåva er fastsett i «Forskrift om innhenting, kvalitetssikring og formidling av data knyttet til offentlig veg, trafikken m.m. (vegdataforskriften)». I § 3 – 1 heiter det at:

«Fylkeskommunen har ansvar for å innhente, kvalitetssikre og formidle data som gjelder fylkesveg og trafikken der. Vegdirektoratet bestemmer nærmeare hvilke formater som skal benyttes, og i hvilket omfang data skal innhentes, kvalitetssikres og formidles».

System for nummersetting av vegar og funksjonsklassar fell inn under format som etter dette vert bestemt av Vegdirektoratet.

Vidare fastset skiltforskrifta § 29 at det er regionvegkontoret som treffer vedtak om å setje opp vegnummerskilt på riks- og fylkesvegar. § 46 fastsett også at Vegdirektoratet kan gi nærare utfyllande bestemmelsar, slik det er gjort med retningslinjer for skilting av vegnummer i samband med nye vegnummer.

Status 2019

I følgje Statens vegvesen er det behov for opprydding i vegnummer over heile landet, mellom anna fordi:

- Mange vegar med same vegnummer i fleire fylke
- Snart tom for «ledige» vegnummer
- Mange fylkesvegar har same nummer som riksvegar

Dette fører til utfordringar for Nasjonal vegdatabank (NVDB), og det er grunnlag for feil og mistydingar.

Endringar i samband med regionreforma i følgje Statens vegvesen:

- Alle riks- og fylkesvegar skal ha unike vegnummer frå 01.01.2020
- Dei fleste Europa- og riksvegane beheld sitt nummer
- Dei fleste av dei øvrige riksvegane (overført til fylkeskommunane i 2010) beheld sine vegnummer, men i Hordaland har SVV/HFK vedteke endringar for mange av desse i sak om nye vegruter og vegnummer (fylkesutvalet sitt vedtak 03.05.2018)
- Øvrige vegar: Nytt nasjonalt tre- og firesifra nummersystem
 - uavhengig av forvaltningsgrenser
 - Nummer skal tildelast på bakgrunn av funksjonsklasse (tabell under)

Klasse	Navn	Beskrivelse
A	Nasjonale hovedveger	Nasjonale hovedveger
B	Regionale hovedveger	Veger med regional funksjon, overordnet/ regional betydning. Sammen med funksjonsklasse A utgjør disse et overordnet transportnett.
C	Lokale hovedveger	Veier med viktig lokal, men også en viss regional, funksjon hvor hovedfunksjonen er viktige forbindelsesveger mellom funksjonsklasse A og B og forbindelse til kommunesentra.
D	Lokale samleveger	Veger som binder sammen bygder og grender eller gir hovedadkomst til bygd eller grend. Disse vegene har også en samlefunksjon for trafikk til eller fra vegar i funksjonsklasse B og C.
E	Lokale adkomstveger	Veger som kan være samleveier, men som mest domineres av adkomst til boliger og virksomheter langs disse veiene.

Vedtak i fylkesutvalet i sak 102/2018:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til prinsippet om vegnummerering og framtidig vegvisning på fylkesvegnettet slik det går fram av Statens vegvesen sitt notat.
2. Fylkesutvalet ber om at den overordna fylkesvegen mellom Granvin - Norheimsund framleis skal ha status som fylkesveg 7.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert arbeidd vidare med forsterka, digital vegvisning for å sikre best mogleg fordeling av køyretøy på ferjesambanda Jondal - Tørvikbygd og Årsnes - Gjermundshamn.
4. Fylkesutvalet ber om at fylkesveg 48 vert skilta som rute mellom Bergen og Odda.
5. Fylkesutvalet ber om at det vert sett større fokus på digitale løysingar som elektroniske skilt / opplysningstavler. Arbeidet må og retta seg mot utanlandske brukarar med omsyn til språk osv. Det må også vektleggjast at ein er utoverretta mot GPS-leverandørar og brukarar.

Ut frå dette og kriterium frå Regional Transportplan, omsyn til beredskapsvegar, bussvegar mv, har Statens vegvesen laga følgjande opplegg for vegnummer i Hordaland. Her kan ein slå opp på aktuell veg og finna nytt og gammalt vegnummer.

<http://arcg.is/1Tvey4>

Endringane og planlagt skilting blir slik:

A Nasjonale hovudvegar: Beheld sine vegnummer og skilt, nesten ingen endringar

B Regionale hovudvegar (tidl. riksvegar): Dei fleste beheld sine vegnummer, men nokre endringar av ruter (pga nybygg, tidl. vedtak i HFK osv). Skal skiltast.

C Lokale hovudvegar: Mange beheld sine gamle nummer, mesteparten får nytt tresifra vegnummer. Dei fleste bør skiltast.

D og E lokale samle- og adkomstvegar: Alle får nye firesifra vegnummer. Skal ikkje skiltast.

Arbeidet med kvalitetssikring av nye vegnummer er sendt Vegdirektoratet, som skal ferdigstilla dette innan 01.08.19.

Skiltendringar – kostnader

Statens vegvesen har i epost til HFK 14.05.19 på grovt nivå kalkulert skiltendringane i Hordaland til 12,5 mill kr (eksklusive mva).